
Fra: Øyvind Helland Oddekalv
Sendt: 12. september 2016 09:19

Til: 'firmapost@vegvesen.no'

Emne: 15/246572-8 Defekte veilys på Mjåtveit, Meland kommune i sak 1256-1 - Midlertidig drift- og vedlikehold elektriske anlegg i Bergen

Statens vegvesen v/ Helge Gilberg

Viser til tidlegare korrespondanse med dykk gjeldande manglende veglys på Fv. 564 på Mjåtveit. Vi er glade for at delar av strekninga vart utbetra i vinter/vår, dette er svært viktig for trafikktryggleiken på staden.

Eg fekk i førre veke ein e-post frå ein bebruar i området (Rosslandsvegen 341) som seier at det framleis er delar av strekket som ikkje har fått utbetra veglysa. Vi går no inn i ei tid der det igjen er avgjerande at veglys er på plass, igjen vil eg vise til omsynet til trafikktryggleik. Det er mange barn som bur i dette området.

Eg ber om å få ei oppdatering på kva som er stoda når det gjeld veglysa på Fv. 564 Mjåtveit og vil oppfordre på det sterkeste at det blir sett i verk tiltak som rettar opp problema, ein gong for alle.

Eg legg ved meldinga frå bebuaren som har tatt opp saka.

Beste helsing

Øyvind H Oddekalv
ordførar



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450
oyvind.oddekalv@meland.kommune.no | www.meland.kommune.no

Fra: Undal Øyvind, BEM Bergen Engines AS [<mailto:Oyvind.Undal@rolls-royce.com>]

Sendt: 6. september 2016 15:24

Til: Øyvind Helland Oddekalv

Emne: Vegbelysning Mjåtveit.

Hei Øyvind.

Vil berre ta kontakt med deg angåande manglende vegbelysning på Mjåtveit.

Har forstått utifrå det som er skrive i media at dykk hadde kontakt med Vegvesenet om utbedring av lysa i slutten av vinteren.

Eg tok sjøl kontakt med dei før dette og visste grunen til dei manglande lysa og at det kom til å ta tid å utbedra.

Ein del av lysa blei reparert i våres men ein del står att mørke.

Dessverre er desse lysa akkurat der vi bur på Mjåtveit, og no går vi med stormskritt inn i den mørke årstida igjen.

På plassen vi bur er det ingen fotgjengarøvegang til fortauet på motsatt side og vi har fleire barn i nabolaget vårt som går til skulen.

Det at bilistar ofte kjøre fort på rettstrekninga forbi oss, gjer det til at det kan oppstå farlege situasjonar.

Så vi som bur her hadde satt umåteleg pris på om vegbelysninga omgåande!

Dei skal no ha hatt tid på seg no til å gjera det.

Kan purra Vegvesenet sjølv og, men tenker det er litt meit tyngde hvis du tar kontakt igjen. ☺

På forhånd takk.

Med vennleg helsing/ Best regards

Øyvind Undal

Bebuar på Mjåtveit, Rosslandsvegen 341.